


Bjørnalia

Namn på plassen	Bjørnalia, Gisvoldgjerdet
GPS-posisjon (UTM 32V)	EU89 UTM33 7024837N 240422Ø
Høgde moh	70
Tilstand	Borte
Plass under	Gjesvål
Gnr. Bnr.	Under 31/7
Tidsperiode	Rundt 1730-rundt 1770
Siver Amundsen Bjørnslien	1735
Amund Siversen Bjørnslien	1748
Arn Jonsen Gisvold	Ca. 1750-ca.1765
Bersvend Bjørnsli	Rundt 1770
Omtale:	



Flyfoto 1957



I 1735 gifta Siver Amundsen Bjørnslie seg med Ane Erichsdtr, og i 1748 gifta Amund Siverson Bjørnslie seg med Maret Olsdtr. Det er dei første opplysningane vi finn om denne plassen.

I 1762 var det ein tjenestegut på Gjesvål som heitte Arn Bjørnli. Arn Jonsen Gisvold vart gift med Kiersten Arendsdtr i 1745. Ut frå kjerkeboka er det grunn til å tro at dei fekk fem barn: Jens 1750, Ane 1751, Aren 1754 som sannsynlegvis døydde samme år, Kjersti 1756, og Joen 1764. I 1756 er buplassen Bjørnslie, i 1751 Gisvoldgjerdet, og ellers Gisvold. Arn var enkemann i 1762, kona hadde døydd samme år. I 1763 gifta han seg opp att med Dordi Larsdtr.

Rundt 1770 bodde det ein Bersvend her. Han fekk ei datter Randi i 1769 som sannsynlegvis var den dattera som døydde i 1770.